

Helse- og sosialutvalet i Gaular kommune i møte den 16.03.2015 i sak 014/2016 gjeve slik fråseg i høve tannhelseutgreiinga "Ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur i Sogn og Fjordane:

Gjeld tannhelseutgreiinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Det er gjort ei grundig utgreiing om korleis tannhelsetenesta arbeider, og om utfordringar for tenesta vidare. Vi har forståing for at det kan vere vanskeleg å spare samstundes med at ein skal tilgodesjå andre forhold, m.a. fagleg nivå, samarbeid med andre helsetenester og tilgjengeleghet.

I eit folkehelseperspektiv har tannhelsetenesta gjort eit stort og verdfullt arbeid, det er viktig at dette vert teke vare på og vidareutvikla. Utgreiinga legg også vekt på dette, og at sunn tannhelse er grunnleggande for god allmennhelse. Vidare står det i utgreiinga s. 10 at: I stortingsmelding nr. 35: Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning – Framtidas tannhelsetjenester blir det lagt vekt på kor viktig det er med samarbeid mellom sektorane for å oppnå resultat i Folkehelsarbeidet.

Vi meiner at det no er feil tidspunkt å gjennomføre ei så stor reform av tannhelsetenesta som utgreiinga legg opp til, med samanslåing av klinikkar. Vi er midt inne i ei kommunereform som vi enno ikkje veit resultatet av. Ein må og stille spørsmål om den samfunnsøkonomiske gevinsten ved tiltaket. Difor vil vi oppmode om at det vert utgjørt andre løysingar, det kan vere meir ambulerande tenester, og/eller samarbeid med andre aktørar, meir systematisk samarbeid mellom klinikkar for fagleg utvikling, og tilbod til pasientar ved vakansar og feriar.

Dersom det ikkje vert ei utsetting av saka, meiner helse- og sosialutvalet i Gaular kommune at den samfunnsøkonomiske sida bør vurderast. Tannhelsetenesta bør utviklast vidare og samordnast med dei andre primærhelsetenestene, og vere nær der folk bur og arbeider.

Laila Oppedal

Leiar i helse- og sosialutvalet i Gaular kommune